



VAKRE VEGAR

Vegdirektøren sin pris

2006 BULANDET-VÆRLANDET FYLKESVEG 365

Prisen er ein heiderspris for anlegg med gode estetiske kvalitetar tilpassa omgjevnadene. Det kan vere vegar, gater, bruer, tunnelar eller tilhøyrande anlegg og utstyr. Anlegget må vere ein del av det offentlege vegnettet.

“Vakre vegar gir godt miljø. Vi skal byggja vegar vi kan vera stolte av” *Olav Søfteland, Vegdirektør*

BULANDET - VÆRLANDET fylkesveg 365, Askvoll

Frå juryen si grunngjeving:

I eit nake, sårbart landskap har ein med fagleg forankring, estetisk sans og respekt for omgjevnadene bygt ein veg som er eit vakkert møte mellom det menneskeskapte og den storstøtte naturen.

I dette prosjektet er det ikkje tilgangen på økonomiske ressursar som er grunnen til det vellykka resultatet, men forståinga av landskapet. Det som pregjar denne vegen er det enkle og reine, både i utforming av bruene og materialbruk og forming av vegen sitt sideterreng.

Å køyre på vegen er ei oppleving - han slynger seg leikande lett gjennom øylandskapet. Samspelet mellom vegen si lineføring og naturen vitnar om evne til å forstå både landskap og vegplanlegging. Denne bygdevegen har skapt eit heilt nytt kvar-dagslandskap for dei som bur der.

Vinnarprosjektet er eit føredøme på korleis ein bygdeveg kan planleggast og byggjast.

Byggherre:	Statens vegvesen
Planlegging:	Veg: Statens vegvesen Bru: Reinertsen Engineering AS
Entreprenør:	Kruse Smith Entreprenør AS
Underentreprenør:	Vassbakk & Stol AS Scanbridge AS og Brødrene Herland AS
Byggeår:	2003
Kostnad:	195 mill kr
Lengd:	6710 m, av dette 6 bruer med ei samla lengd på 990 m

Jury:

Anne Ogner, juryleder, Tekna
Olav Søfteland, Vegdirektør
Sixten Rahlff, Norske arkitekters landsforbund NAL
Tor Nilssen, Norske landskapsarkitekters forening NLA
John Bjørn Koksvik, Riksantikvaren
Egil Martin Kurdøl, Utsmykkingsfondet for offentlige bygg

For meir informasjon ta kontakt med fagsekretariatet for prisen ved Sunniva Schjetne og Alf Støle, Statens vegvesen Vegdirektoratet, tlf: 02030. firmapost@vegvesen.no



Statens vegvesen

